

Nivla Kraft AS
Kalnesveien 5
1712 GRÅLUM

Vår dato: 05.10.2018
Vår ref.: 201402080-28
Arkiv: 317
Deres dato:
Deres ref.:

Saksbehandler:
Randi Holme
22 95 95 18/ 99 21 51 22

Oversending av revisjonsrapport og varsel om vedtak om retting - Nivla kraft AS – Nivla kraftverk, Lærdal kommune

Vi viser til revisjon av Nivla kraft AS sitt internkontrollsystem for Nivla kraftverk og oversender rapporten fra revisjonen 4. - 5. 2018. Revisjonen var varslet i brev datert 21.06.2018.

NVE avdekket 1 avvik og ga 3 merknader. Rapporten skildrer avvik og merknader som vart avdekket under revisjonen.

Dokumentasjon på at avviket er lukket skal sendes til NVE innen fristen som er satt til 1.12.2018.

Dersom avviket ikke er lukket innen tidsfristen som er satt, varsler NVE om at vi vil vurdere å treffe vedtak om retting.

Uttale til rapporten kan sendes til oss innen 30.10.2018. Det er særlig viktig at faktiske opplysninger som gjeld saka vert korrigert eller supplert. Dersom uttale ikke har kommet til NVE innen fristen, vil NVE legge til grunn de opplysningene vi har i saka.

Med hilsen

Ingunn Åsgard Bendiksen
Avdelingsdirektør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Vedlegg: 1 Revisjonsrapport

Kopi: Østfold Energi AS v/Bjørn Røvik
Østfold Energi AS v/Magne Netland

Revisjonsrapport

Revidert eining:	Nivla kraft AS
Revisjonsdato:	4. -5. september 2018
Stad:	Borgund kraftverk, Borgund
Medverkande frå revidert eining:	Dagleg leiar Nivla kraft AS, Bjørn Røvik Miljøansvarleg, Magne Netland Vedlikehaldsleiar, Heine Johannes Linga
Revisorar fra NVE:	Revisjonsleiar, Randi Holme Medrevisor, Katarina Eftevand Medrevisor, Jenny Evjen
Seksjon	Seksjonssjef Mari Hegg Gundersen, TBMV

1 Innleing

1.1 Bakgrunn og førmål med revisjonen

Miljøtilsynet består av ein systemrevisjon og ein anleggsinspeksjon. Etter § 7 i forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga (FOR-2011-28 nr. 1058, Ik-vassdrag) har NVE ansvar for å føre tilsyn med at forskrifta vert oppfylt.

Føremålet med ein systemrevisjon er å kontrollere at verksemda oppfyller kravet om å etablere eit internkontrollsystem for det enkelte vassdragsanlegg som sikrar at krav til natur, miljø og landskap vert teke i vare på ein tilfredsstillande måte i samsvar med vassdragslovgevinga, forskrifter, konsesjonsvilkår, pålegg og godkjende detaljplanar.

Føremålet med å gjennomføre ein anleggsinspeksjon er å kontrollere at anlegget sin tilstand er i tråd med nemnde krav. For anlegg i driftsfasen er det lagt vekt på landskaps- og miljøtiltak som til dømes tersklar, kontroll og informasjon knytt til manøvreringsreglement, minstevassføring og rydding av elveløp/flomløp. Forventa standard knytt til natur og miljø er å finne på NVE sine heimesider, blant anna i faktaark «God praksis».

1.2 Revisjonsgrunnlag

I denne revisjonen var revisjonsgrunnlaget følgende:

- Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova)
- Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga, (Ik-vassdrag)
- Konsesjon til bygging og drift av Nivla kraftverk datert 20.12.2012
- Godkjend detaljplan for miljø og landskap datert 5.09.2014
- Godkjenning av plan for minstevassføring datert 13.03.2015
- Motteken dokumentasjon og intervju som vart gjennomført under revisjonen.

1.3 Tema for revisjonen

Revisjonen omhandla følgjande tema:

Drift av, og dokumentasjon for omløpsventilen ved anlegget var hovudfokus for revisjonen. Dessutan var det varsla revisjon av:

- Målingar og registreringar, Ik-vassdrag § 5-5
- Kartlegging av farer og problem, Ik-vassdrag § 5-6
- Kontretisering av vilkår og føresetnader, Ik-vassdrag § 5-7
- Registrering av avvik, Ik-vassdrag § 5-8

1.4 Funn

1 avvik

3 merknader

Avvik er: Brot på krav i regelverk og løyve gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgevinga og anna lovgjeving som NVE forvaltar.

Merknad er: påpekning av forhold med mogelegheit for forbetring eller et forhold som bør vurderast nærmare av verksemda, men som ikke er brot på gitte krav.

1.5 Generelle kommentarar

Revisjonen vart gjennomført i Østfold Energi sine lokale på Borgund kraftverk og omfatta synfaring av inntak og kraftstasjonen. Omløpsventilen vart demonstrert under synfaringa. Det vart gjennomført intervju av dagleg leiar, miljøansvarleg, og vedlikehaldsleiar. Det vart gitt god og utfyllande informasjon både under synfaringa og i intervju.

NVE hadde som førebuing til revisjonen fått oversendt utfyllande skriftleg dokumentasjon for kraftanlegget. Blant anna dokumentasjon av testing av, og vedlikehaldsplan for omløpsventilen, og risikostyring for kraftanlegget.

Nivla kraft AS har ingen som er formelt tilsett. Det er inngått drifts- og vedlikehaldsavtale med Østfold Energi AS (ØE). ØE skal jamfør avtalen ivareta krav i konsesjonen og krav frå myndigheiter. Avtalen som er inngått var sendt til NVE på førehand, og vart lagt fram under revisjonen. Avtalen omfattar mellom anna ansvar for utarbeiding av internkontrollsystem. Det er inngått eigen avtale mellom Nivla kraft AS og ØE om VTA-teneste.

Dei ansvarlege har godkjennskap til dei plikter som følgjer av vassdragskonsesjonen med tilhøyrande godkjenningar. Det er NVE sitt inntrykk at verksemda har stort fokus på miljø og dei plikter som kviler på konsesjonæren. Internkontrollsystemet for Nivla kraft AS er integret i Ik-systemet for ØE. Vi registrerer at Ik-systemet for Nivla kraft AS med fordel kan tilpassast betre til dei konkrete problemstillingane ved Nivla kraftverk, jamfør Ik-vassdrag § 5 der det heiter at «*Dersom internkontrollsystemet for et anlegg eller tiltak inngår i et større internkontrollsystem, skal det enkelte anlegget eller tiltaket kunne identifiseres*». Vi viser til vår merknad der vi tilrår forbetring av dette.

Fokusområde drift og vedlikehald av omløpsventilen

I forkant av revisjonen fekk NVE tilsendt driftsprosydyre, vedlikehaldsplan og dokumentasjon på test av omløpsventilen. Under demonstrasjonen av omløpsventilen var driftsvassføringa låg. Ventilen opna og lukka utan at vassføringa i elva nedstraums endra seg vesentleg. I intervju vart NVE orientert om at det

vert gjennomført fysisk tilsyn kvar gong ventilen opnar. Personell som har ansvar for drift av ventilen har fått særskild opplæring. Etter NVE si vurdering er det etablert gode rutiner for drift og vedlikehald av ventilen.

Bakgrunnen for at det er sett krav om omløpsventil er å hindre at fisk strandar nedstraums avløpet frå kraftverket. NVE vart orientert om at det ikkje er gjennomført måling av kor raskt elva går ned (tal cm/time) nedstraums kraftverket når kraftverket stoggar og omløpsventilen opnar. Vi viser til vår merknad der det er tilrådd at slik måling vert gjennomført.

Fokusområde målingar og registreringar

Det er etablert elektromagnetisk målar på røyr for minstevassføring for å dokumentere riktig slepp. Det er sett opp skilt og display ved inntaket for å lese av minstevassføringa, og det er montert alarm for å varsle avvik for slepp av minstevassføring. NVE har inntrykk av at det er stor fokus på sikre riktig slepp og dokumentasjon i samsvar med krava som er sette.

I NVE sitt vedtak om godkjenning av minstevassføringsarrangementet er det peika på at det ikkje går klart fram av planen som er sendt inn korleis kalibrering og kontrollmåling av tenkt utført. Under revisjonen fekk vi opplyst at det ikkje er gjennomført kalibrering ut over det som er gjennomført av leverandør av utstyret. Vi viser til vår merknad der vil rår til at dette vert gjennomført.

Fokusområde kartlegging av farer og problemområde

Slik det vart presentert under revisjonen, og i dokumentasjon som var innsendt på førehand, inngår kartlegging av farer og problemområder som ein del av risikostyringa. Beredskapsmessige situasjonar rundt ytre miljø inngår i beredskapsplanen. Dette inkluderer nødvendig planverk og gjennomføring av øvingar.

Under revisjonen vart det orientert om at status og eventuelle problemområder vert gjennomgått på faste møter kvar veke. Vi vart og orientert om kva som er vurdert som særskilde farer og problem ved Nivla kraftverk. Mellom anna vart utfordringar med slepp av minstevassføring, fare for ras og masseopphoping vurdert som potensielle problemområder. Dette går ikkje konkret fram av Ik-systemet for anlegget slik dette er utforma no. Etter NVE si vurdering er soleis kartlegginga av farer og problem for Nivla kraftverk noko mangelfull. Det går til dømes ikkje direkte og skriftleg fram av Ik-systemet at fare for ras og masseopphoping er eit problemområde ved Nivla kraftverk. Vi viser til vår merknad knytt til dette.

Fokusområde registrering av avvik

Det er etablert eit skriftleg avvikssystem. Avvik der gruppert i fire kategoriar, og kvar månad vert det utarbeidd rapport over avvik/uønska hendingar. Rapporten vert hengt opp slik at det er synleg, og vert dessutan gjennomgått på faste møter.

2 Skildring av avvik

Avvik 1	
Krav	<p>Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (IK-vassdrag)</p> <p>§ 5-5: <i>Den ansvarlige skal foreta og protokollere de målinger og registreringer som er nødvendige eller pålagt for å sikre at anlegg og tiltak drives i samsvar med krav fastsatt i eller i medhold av vassdragslovgivningen</i></p> <p><i>Jf. vassdragskonsesjon datert 20. desember 2012, post 1, «Det skal etableres en måleanordning for registrering av minstevannføring. Dataene skal forelegges NVE ved forespørsel».</i></p>
Avviket	<p>Det kunne ikkje leggest fram skriftleg dokumentasjon av minstevassføringslepp ved Nivla kraftverk for perioden før 2017. Nivla kraft AS kan soleis ikkje dokumentere lepp av minstevassføring frå den første perioden kraftverket var i drift, (frå hausten 2016 til januar 2017).</p>
Dokumentasjon	<p>Skriftleg dokumentasjon av minstevassføringsleppet for perioden før 2017 kunne ikkje leggest fram under revisjonen.</p>
Korleis lukke	<p>Nivla kraft AS skal sikre at data for lepp av minstevassføring frå 2017 og resten av levetida til kraftverket vert lagra.</p>
Frist for lukking	1.12.2018

3 Beskrivelse av anmerkningar

Nr.	Beskrivelse av anmerking
1	<p>Ik-vassdrag § 5-5, <i>målingar og registreringar</i></p> <p>Nivla kraft AS har ikkje gjennomført kalibrering og kontroll av minstevassføringsleppet. Vi viser til vedtak om godkjenning av minstevassføringsarrangement datert 13.03.2015, der dette er omtalt. For metode viser vi til NVE - veileder 1/2012, og rår til at kalibrering/kontrollmåling vert gjennomført.</p>
2	<p>Ik-vassdrag § 5-7, <i>konkretisering av vilkår og føresetnader</i></p> <p>Det er ikkje gjennomført målingar av kor raskt elva går ned (tal cm/time) nedstraums kraftverket når kraftverket stoggar og omløpsventilen opnar. Vi viser til vårt faktaark God Praksis nr. 7, <i>Omløpsventiler kraftverk</i> og rår til at slik måling vert gjennomført.</p>
3	<p>Ik-vassdrag § 5-6, <i>kartlegging av farer og problem</i></p> <p>NVE vart orientering om at Ik-systemet for Nivla kraftverk er integrert i Ik-systemet til Østfold Energi. Kartlegging av farer og problemområder for Nivla kraftverk tykkjest å vere noko mangelfull, og kjem ikkje klart fram som ein del av Ik-systemet som er etablert. Til dømes gjeld</p>



	<p>dette utfordringar med slepp av minstevassføring, fare for ras og masseopphoping. Vi rår til at slik kartlegging kjem klart fram av Ik-systemet for Nivla kraftverk.</p>
--	---